Endeleg ein ekte vamp: Øyvind Staveland, Torbjørn Økland, Carl Øyvind Apelland, Paul Hansen og Odin Staveland utgjer i dag Vamp. Samarbeidet med Eivór Pálsdóttir gjer at dei også endeleg kan kalle seg Vamp med rette.

Vamp med ekte vamp

Eivór Pálsdóttir løftar bandet

Kom med færøysk kjærleik til Storefjell

I snart 20 år har Vamp imponert. Etter at Eivór Pálsdóttir kom med, kan haugesundarane også leve opp til namnet sitt.

Bernt Ivar Bergum
bib@hallingdolen.no

Det skulle ikkje gå mange låtane før Vamp presenterte ein ekte vamp. Den færøyiske songaren Eivór Pálsdóttir glei inn i Vamp sitt lydlandskap som om ho alltid hadde vore der. Ho kom inn som ei blanding av ein uskuldig engel og ei lokkande hulder.

– Dei har lært meg å skarre, sa ho før ho fylte den store konsertsalen på Storefjell med dei høgaste tonar Vamp nokon gong har servert.

Våt som mar

Frontfigur Øyvind Staveland og resten av bandet var tilbake i Hallingdal berre eitt år etter at dei hadde to konsertar i Iungsdalen.

Då Vamp skulle avslutte årets sommarturné, gjorde dei det like godt innandørs.

– Det er heilt unntaksvis at me spelar inne, men når me tøyer sommaren til ut i september er det vel lov, sa Staveland før konserten. Det var elles greitt, for ute kom sjølvsagt regnet.

Dramatisk kjærleiks sorg

Inne hagla den eine publikumsfavoritten etter den andre. Det fanst ikkje daudpunkt. Variasjonen var stor, mellom det sartaste stille som i «På breidda» og fantastiske soloparti signert Torbjørn Økland til eit heftig inferno av ei kjærleikslåt frå Eivór. «Nu brenner du i meg» song ho og sette nærast fyr på salen. På Færøyane sørgjer ein skikkeleg når ein først skal sørgje over tapt kjærleik. Sjølv vestlandsk dramatikk kan bli smått, men ikkje med Vamp i førarsetet.

Nytt album i 2012

Det blir meir frå Færøyane i tida som kjem, for samarbeidet med Eivór held fram. Nye tider i musikkbransjen har fått haugesundsbandet til å skifte plateselskap til Universal. Det i seg sjølv vil neppe påverke Vamp musikalsk, meiner Staveland. Men studioet er bestilt frå mars og Eivór ser altså ut til å vere med. I 2012 er bandet 20 år. I oktober neste år kjem plata der blant anna «Liten fugl» og «Elisabeth og Elinborg», kan dukke opp. Storefjell-publikumet likte begge.

Hotelleigar og arrangør Knut Nibstad var litt nervøs før han opna dørene. Storefjell har lang erfaring som arena for dansefestar, men dei reine konsertane har vore unntak.

Storsalen er på 1100 kvadratmeter og har 1000 sitjeplassar. Det viste seg ikkje nødvendig denne kvelden. Berre i underkant av 150 hadde løyst billett på førehand. Då det gjekk mot konsertstart fylte det likevel opp med vel 300 i salen. Etterpå kunne hotelleigaren konstatere at han så vidt kom i mål.

Forførarisk

Kvelden før spelte Vamp for 700 utandørs på Sundvolden. Om dei to Vamp-besøka i vårt dalføre var i overkant tette, eller om det var andre årsaker til at ikkje fleire kom, er uvisst. Musikalsk finst det få band med større presisjon og kvalitet i det som blir levert. I tillegg til sterke låtar, er Vamp eit vell av dyktige instrumentalistar. Pardansen med Eivór gjer ikkje bandet mindre interessant. Tir'na'noir på færøysk var ikkje så reint lite forførarisk. Vamp har kanskje endeleg funne den vampen dei har leita etter?

Gitarvirtuos: Torbjørn Økland.